



SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	05.06.2024	035/24
Kommunestyret	19.06.2024	079/24

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	23/1124 – 6
Anne Berit Birkeland	Journalpostnr.	24/12176

Strategisk Hamneplan for høyring og offentlig ettersyn

Vedlegg	
29.05.2024	Strategisk Hamneplan for høyring og offentlig ettersyn
29.04.2024	2024-04-26 Ullensvang hamn_Strategiplan_VEDLEGG (1)
29.05.2024	18210 Strandpromenade Odda
29.04.2024	Oversikt gjestehamner
29.04.2024	Innspel til hamneplan
29.05.2024	Utne 4
29.04.2024	Oppstart av strategisk Hamneplan – Ullensvang kommune
29.04.2024	Invitasjon til informasjon og dialog om hamneplan for Ullensvang kommune
29.04.2024	Innspel til ny hamneplan – tilbakemelding
29.04.2024	Innspel til ny hamneplan
29.04.2024	E-post Innspel, Hamneplan
29.04.2024	Sikringsteneste ved Odda havn

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven), plan og bygningsloven, forskrift om sikring av havneanlegg. I tillegg vil gjeldande kommuneplan, nasjonale forventningar og FNs berekraftsmål verte lagt til grunn for arbeidet.

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommunestyre vedtek å sende planen på høyring til 31. juli 2024.

05.06.2024 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

USPN – 035/24 Vedtak

Ullensvang kommunestyre vedtek å sende planen på høyring til 31. juli 2024.

19.06.2024 Kommunestyret

Behandling

Framlegg, foreslått av Inger Synnøve Vestrheim, Høgre

Endring

Ullensvang Kommunestyre vedtek å sende planen på høyring til 15. september 2024.

Røysting:

Tilrådinga frå utval for samfunn, plan og næring vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå Inger Synnøve Vestrheim vart samrøystes vedteke

KST – 079/24 Vedtak

Ullensvang Kommunestyre vedtek å sende planen på høyring til 15. september 2024.

Saksopplysningar:

Ullensvang kommune har starta opp arbeidet med strategisk plan for hamn. Planen har eit langsiktig perspektiv fram til 2033.

Plan vert no sendt på høyring, og ein ynskjer å få ein tydeleg retning og prioritering, som grunnlag for overordna tiltaksplan for investeringar og vidare planlegging.

Sjølinja og hamner er store ressurser som kommunen må utnytte til glede for innbyggjare, næring og personer som til ein kvar tid er i kommunen.

Vurdering:

Ved å sende planen på høyring, ber vi om tilbakemelding på det som i hovudsak går på kommunale kaiar, og kva som er ynskjeleg at kommunen tar hand om.

Når det gjeld private gjestehamner er det vedlagt oversikt med kontaktpersoner og fakta, der lista ikkje er uttømmende.

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Vår gjennomgang viser at det trengs fleire ressurser for å handtere den planlagte utviklinga på ein god måte.

God drift vil gje betre inntening og tryggleik.

b. Investeringskostnader

Grovt estimat:

Dette vil vere ein del av plan som kjem for godkjenning, prioritering av tiltak vil komme etter høyringsrunde er ferdig.

Vi må likevel dra fram to kostnader som blir vesentlege, om dette vert resultatet:

Erstatningskai for eksportkai

Flytebryggeanlegg/ny gjestehamn i Odda

c. Finansiering

Planarbeidet er finansiert ved uttak frå hamnefondet

Investeringskostnader vil verte fremma til budsjettet

Etterslep på vedlikehald vil ein måtte ta på driftsbudsjett etter plan for prioritering.

Samandrag konklusjon:

Frist for å koma med innspel er 31. juli 2024

Merknader og synspunkt til høyring skal vera skriftlege. Ullensvang kommune har lagt ut link på nettsidene der innspel kan sendes digitalt.

Referanse til sak: 23/1124

I tillegg til at høyring vert publisert, vil kommunen sende ut brev til ei rekke instanser og private aktører som kan ha synspunkter på utviklinga i kommunen.